


R A P P O R T

Forvaltningsplan for gjess i Tysnes kommune



Utfordringar, målsetjingar og
tilrådingar

Rådgivende Biologer AS & Bjørnefjorden landbrukskontor



Rådgivende Biologer AS

RAPPORTENS TITTEL:

Forvaltningsplan for gjess i Tysnes kommune. Utfordringar, målsetjingar og tilrådingar

FORFATTER:

Ole Kristian Spikkeland, samt Bjørnefjorden landbrukskontor

OPPDRAKGIVER:

Tysnes kommune v/jordbruksjef Sæbjørn Humlevik

OPPDRAGET GITT:

26. august 2011

RAPPORT NR:

ANTALL SIDER:

ISBN NR:

25

EMNEORD:

- | | |
|--------------------|----------------|
| - Forvaltningsplan | - Målsetjingar |
| - Gjess | - Tilrådingar |
| - Utfordringar | |

RÅDGIVENDE BIOLOGER AS

Bredsgården, Bryggen, N-5003 Bergen

Foretaksnummer 843667082-mva

Internett: www.radgivende-biologer.no E-post: post@radgivende-biologer.no

Telefon: 55 31 02 78

Telefaks: 55 31 62 75

Framside:

Grågjess, og skadar forårsaka av grågjess, på Tysnes 2012. Foto: G.H. Johnsen og O.K. Spikkeland.

FORORD

Det er registrert ein stor vekst i gåsebestanden på Vestlandet og i resten av Norege dei siste tiåra. Samstundes har talet på innrapporterte skader i høve til landbruks- og friluftsinteresser auka monaleg. Fylkesmannen i Hordaland utarbeidde i 2008 ein forvaltningsplan for gjess i Hordaland, med undertittel; "utfordringar, målsetjingar og tilrådingar". Politisk utvalsmøte i Tysnes kommune vedtok 15. juni 2011 å utarbeide ein kommunal forvaltningsplan for gås. Planen skal danne grunnlaget for den lokale forvaltningsstrategien, der fokus skal leggjast på førebyggjande tiltak. Arbeidet med forvaltningsplanen byggjer i stor grad på forvaltningsplan for gjess i Hordaland (Steinsvåg 2008), samt gåseskader som grunneigarar sjølve har innrapportert til kommunen. Nyttige føringar i arbeidet har elles kome frå Tysnes kommune.

Rådgivende Biologer AS fekk i oppgåve å skrive den kommunale forvaltningsplanen for gjess i Tysnes 2011-2012. Arbeidet er utført av cand.real./ornitolog Ole Kristian Spikkeland, supplert med innspel frå dr.philos. Geir Helge Johnsen, som har utført fleire synfaringar på Tysnes våren 2012.

Arbeidet stoppa opp og vart lagt på is mykje grunna usemje rundt friområde. I 2017 uttalte Fylkesmannen i Hordaland at friområde ikkje lenger eit absolutt krav for å få lokal forvaltningsplan godkjent av Fylkesmannen. Arbeidet vart starta opp igjen av Bjørnefjorden landbrukskontor, og vert ferdig i 2018.

Rådgivende Biologer AS og Bjørnefjorden landbrukskontor takkar Tysnes kommune for oppdraget og for godt samarbeid undervegs. I avsluttande fase av prosjektet har landbrukskonsulent Martin Skram Vatne, vore kommunen sin kontaktperson. Det rettast også takk til alle grunneigarane/leigetakarar som har kome med verdifulle innspel til planen, sjå liste bak i rapporten, og til landbrukskonsulent Johan Bergerud.

Bergen, 14. september 2012

INNHOLD

Forord.....	3
Innhald.....	3
Samandrag.....	4
Innleiing	5
Mål	6
Grågås i Tysnes kommune	7
Aktuelle tiltak.....	9
Lokalisering av friområde og skremmeområde	14
Andre føreslårte tiltak.....	23
Kjelder.....	25

SAMANDRAG

Spikkeland, O.K. 2012.

*Forvaltningsplan for gjess i Tysnes kommune. Utfordringar, målsetjingar og tilrådingar.
Rådgivende Biologer AS, rapport, 26 sider.*

Det har vore registrert ei sterk auke i grågåsstamma på Tysnes. I kjølvatnet av dette har det blitt innrapportert store beiteskader på innmark og dermed oppstått konflikt med landbruksinteressene. Dette er bakgrunnen for at det no er laga ein forvaltningsplan for gås. Planen gir bakgrunns-materiale og oppsummerar aktuelle problemstillingar som er knytte til forvaltninga av gjæser. Med dette utgangspunktet er mål for forvaltning av gåsestamma på Tysnes sett opp, og det er føreslått aktuelle tiltak. Sentrale element i forvaltningsplanen er definering av såkalla skremmeområde og friområde for gås, innanfor dei ulike delområda i kommunen, og bestands overvaking.

INNLEIING

Grågåsa har hatt ein kraftig vekst fleire stader i Noreg dei siste tiåra. Bestandsauken har gjort grågåsa til eit ettertrakta jaktobjekt langs kysten, og mange menneske har fått eit forhold til denne arten. Gåseplogane på himmelen vår og haust er eit karakteristisk syn, men for mange representera gåsa også eit problem. Ei rekje gardbrukarar opplever til dels store avlingsskadar, medan brukarar av badestrender og andre friluftsområde kan oppleve at terrenget og vatn blir tilgrisa med fjær og avføring.

På bakgrunn av auka grågåsbestand, og ein auke i innmeldte skadar på innmark, har Fylkesmannen i Hordaland utarbeidd ein forvaltningsplan for gjess i Hordaland (Steinsvåg 2008). Målet er å få til ein meir samkjørt og målretta forvaltning av gjess. Planen er meint å fungere som eit rammeverk for den regionale og kommunale forvaltninga av gjess i Hordaland. Planen set mellom anna opp følgjande mål:

- Heimehøyrande gåseartar skal sikrast i levedyktige bestandar. Deira leveområde skal sikrast på både kort og lang sikt. Vidare naturleg ekspansjon og utbreiing skal tillatast.
- Framande gåseartar (kanadagås, snögås, stripegås m.fl.) bør reduserast til eit minimum.
- Bestandane av gjess i Hordaland bør i avgrensa og særleg konfliktfylte område tilpassast og stabiliserast, slik at beiteskadar på innmark og tilgrising av badeplassar/friluftsområde blir liggjande på eit akseptabelt nivå. Slike konfliktområde med tilhøyrande målsetjingar bør definerast i lokal forvaltningsplan så langt som råd.
- Forvaltning av gås i Hordaland skal vere målstyrt. Målsetnad for nivå på lokal gåsebestand i skadepressa område, samt akseptabelt skadeomfang, skal definerast i lokal forvaltningsplan.

Med utgangspunkt i forvaltningsplanen for gjess i Hordaland (Steinsvåg 2008) vil rapporten som no er utarbeidd, vere ein lokalt tilpassa forvaltningsplan for grågås i Tysnes kommune. Planen skal vere eit verktøy for å løyse, eller redusere, aktuelle konfliktar og forvaltningsproblem. Difor er det konfliktane som er vektlagte. Dette betyr ikkje at gjessa sin verdi som ressurs og opplevingsfaktor for folk flest er mindre viktig.



Figur 1. Eitt av mange grågåspar med ungekull i Tysnes. Foto: Ole Kristian Spikkeland.

MÅL

I Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase (www.dirnat.no) er Kyrkjevatnet i Uggdal og Fiskevatnet i Lundegrend avmerkte som verdifulle viltområde. Men Tysnes manglar verneområde for våtmarksfugl som er oppretta etter naturmangfaldlova. Grågåsa er difor ikkje omfatta av nokon form for særskilt vern i kommunen. Det er heller ikkje kjent at grågåsa nyttar område som er avmerkte som fareområde eller er omfatta av andre spesielle restriksjonar i Tysnes, jf. gjeldande kommuneplan (Tysnes kommune 2010-22).

Steinsvåg (2008) har i forvalningsplanen for gjess i Hordaland lista opp fire hovudmålsetjingar for gåseforvaltninga i fylket. Med utgangspunkt i desse måla er følgjande tre mål sette opp for Tysnes kommune:

- *Hovudmålet er å ta vare på gjæsene. Heimehøyrande gåseartar (grågås) skal sikrast i levedyktige bestandar. Deira leveområde skal sikrast på både kort og lang sikt. Samstundes bør bestanden i avgrensa og særleg konfliktfylte område tilpassast og stabilisera, slik at beiteskader på innmark blir liggjande på eit akseptabelt nivå. Det bør vere eit mål at grågåsbestanden i Tysnes kommune tel om lag 20 hekkande par, fordelt på maksimalt 2-4 par per lokalitet.*
- *Konfliktane skal i det lengste løysast med skadeførebyggjande tiltak.*
- *Framande gåseartar (kanadagås, snøgås, stripegås m.fl.) bør ikkje få fotfeste i kommunen.*



Figur 2. Grågås på vakt ved Kyrkjevatnet i Uggdal. Foto: Geir Helge Johnsen.

GRÅGÅS I TYSNES KOMMUNE

BESTANDEN AV GÅS

Bestanden av grågås har dei siste tiåra auka gradvis, og ein ytterlegare bestandsauke er sannsynleg. Nokon ser i dag på bestanden som unaturleg høg, men truleg er det meir riktig å sjå han som nokså normal, fordi det er omfattande jakt som har helde bestanden nede på eit minimum dei siste 100 åra. Det har ikkje blitt gjennomført nokon totalkartlegging av grågåsbestanden i Tysnes kommune, men det finst mykje spreidde data om arten i kommunen. Grågåsa er ein trekkfugl som kjem til Tysnes i små flokkar vanlegvis kring månadsskiftet februar-mars. Fuglane oppsøkjer då ofte innmark, der graset er mest næringsrikt. Nokre av gjæsene som kjem på våren er truleg ikkje-hekkande fuglar som trekker ut av kommunen igjen i hekketida (april-mai). Ein del av dei ikkje-hekkande fuglane er i kommunen heile sommaren. Grågåsa hekkar i dag spreidd over store delar av Tysnes, både ved saltvatn og ferskvatn.



Figur 3. Grågås i Humlevik. Foto: Ole Kristian Spikkeland.

Utover sommaren, når ungane veks til, finn mytinga stad. Vaksenfuglen misser då mellom anna handsvingfjæra, og vil i ein periode fram til nye fjær veks ut ikkje vere flygedyktige. I denne tida gjer grågåsa mindre av seg og held seg ofte i nærleiken av vatn eller sjø, der ho kan symje, eller dukke unna, farar. Når fuglane blir flygedyktige att, samlar dei seg i grupper og sokjer mot innmark for å beite. Grågåsa kan starte hausttrekket mot sør allereie i slutten av juli månad. Dei fleste gjæsene trekker ut av kommunen på seinsommaren, gjerne nær opp mot 10. august, då gåsejakta tek til. Normalt er det lite gås frå områda lengre nord i landet som stoppar opp i Tysnes under trekket. Det er ikkje vanleg at grågås overvintrer i kommunen.


SKADER FORÅRSAKA AV GÅS

Det er dei siste åra meldt inn fleire område i Tysnes kommune med beiteskader forårsaka av gås, og/eller område som er tilgrisa av gjæser (**figur 4**). Eit ”skadeområde” kan her definerast som areal som grunneigar/brukar opplever som skada av gjæser, og som er meldt inn til kommunen. Dei fleste områda ligg på dyrka mark, men også på gjødsela beitemark er det rapportert om skade. Eit oversyn over dei ulike lokalitetane går fram av **tabell 1**. Lokalitetane er avgrensa i eit seinare kapittel.

Tabell 1. Oversyn over dei ulike skadeområda i Tysnes kommune. Markslaget på alle lokalitetane er Dyrka mark og gjødsla beite, og skadane er avlingstap og nedskiting.

Stadnamn

Malkenes
Økland-Gripnesvågen
Fiskevatnet
Humlevik
Nymark-Hovland-Tveit
Kyrkjevatnet
Kinna
Nordbustadvatnet
Flatråkervatnet



Figur 4. Tilgrising og skadar på dyrka mark forårsaka av grågås. Døme frå Humlevik og Fiskevatnet.
Foto: Ole Kristian Spikkeland.

AKTUELLE TILTAK

Det finst pr. i dag lite røynsle frå Hordaland når det gjeld førebyggjande tiltak mot gåseskader. Det er berre dei siste åra at gåsestammene har blitt store og skadeomfanget har vore slik at konkrete tiltak har blitt vurdert. Andre stader i landet, til dømes i Trøndelag og Nord-Norge, har ein opplevd klare problemområde over lengre tid, og ein har etter kvart fått prøvd ut ulike skremme-metodar og fysiske tiltak. Aktuelle førebyggjande tiltak må vurderast lokalt i kvart tilfelle, og etter korleis situasjonen utviklar seg. Førebyggjande tiltak kan mellom anna finansierast gjennom ordninga «Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Frå neste år (2019) kan kanskje Regionalt miljø program (RMP) også brukast. Om nødvendig kan bestanden bli regulert ved ordinær jakt, medan fellingsløyve etter skadefellingsforskrifta bør unngåast. Generelt bør terskelen for å tildele fellingsløyve etter skadefellingsforskrifta vere høg der gjæsene har opphav frå verna område. Men dette er ikkje ein aktuell situasjon i Tysnes. I dette kapittelet blir aktuelle førebyggjande tiltak gjort nærmare greie for. Sjå elles den regionale forvaltingsplanen for gjess i Hordaland (Steinsvåg 2008).

FRIOMRÅDE VS. SKREMMEOMRÅDE FOR GJESS

Eit viktig tiltak i denne planen vil vere å kunne definere gode beiteområde der gjæsene får opphalde seg i fred ("friområde"), og område der gjæsene blir jaga unna, slik at avlinga blir skåna ("skremmeområde"). Utan "friområde" vil gjæsene fort bli "kasteballar" mellom naboeigedommene, noko som vil vere uheldig både av omsyn til skadeomfanget på viktige jordbruksområde og på kondisjon og helse-tilstanden til gjæsene. I den regionale forvaltingsplanen for gjess i Hordaland (Steinsvåg 2008) blir det understreka at forvaltinga og grunneigarane saman må velje ut kva område som skal definierast som "friområde" for gås, og kva område som skal vere "skremmeområde". Dyrka mark og eng som er lokalisert i elles gode gåsehabitat, vil med stort sannsyn få besök av gjæser. Eit lett beitepress må aksepteras, sjølv om areala inngår som "skremmeområde".

Friområde for gås

Forsøk i Trøndelag og Nord-Noreg viser at grågjæser nyttar definerte friområde meir enn områda utanfor. Årsaka skal vere at gjæsene blir skremt og forstyrra utanfor desse friområda. Bøndene som er råka, stiller seg gjennomgåande positive til ordninga, ettersom skadeomfanget blir konsentrert til definerte friområde, medan andre dyrka areal blir liggjande i fred.

Friområda vil ha funksjon som kvile- og beiteområde for gjæsene, og må bestå av grasmark av høg nok kvalitet til at dei oppfattast som interessante for fuglane. Det er ikkje nok å definere eit lite jordstykke åleine som viktig friareal for gås. Området må vere attraktivt og helst ha kringliggjande areal med andre gode "gåsekvalitetar", så som vatn, kantsoner og busker som kan gje skjul. Friområda kan/bør beitast og slåast som vanleg, og ein normal bruk av gjødsling vil betre produksjonen og dermed føre-målet med friområdet. Det er også viktig at arealstatusen har ein viss kontinuitet og varigheit over tid – anten areala er av typen friområde eller skremmeområde. Gjæsene må kunne tilpasse, og venne seg til habitata; gode beiteområde og trongen for skjul i friområda, og fareområde i skremmeområda. Fri-område kan berre etablerast der grunneigeren er einig og faktisk har sagt ja til friområde på sin eigedom. I friområda må det vere forbod mot jakt, jaging og andre beiteavskrekjande tiltak. Dette vil kunne føre til monalege beiteskader på desse jordene. For å sikre attraktive friområde der gjæsene får vere i fred, er gode økonomiske ordningar over fleire år ein føresetnad. Det er mogleg å søkje tilskotsmidlar gjennom «SMIL», som kan regulerast etter skjønn, til neste år (2019) vert det kanskje mogleg og bruke «RMP» også.

Tilskot til friområde er meint som tilskot for å gjere tiltak for å auke grasproduksjonen i desse områda. For eksempel med såing med direktesåmaskin på våren og ekstra gjødsling for å kompensere for avlingstapet som gåsa gjer. Dette gjer at ein framleis kan få ei avling på desse områda og gåsa vert ikkje freista til å dra over på omkring liggande områder fordi graset er grønare på den andre sida.

Skremmeområde

Skremmeområda vil typisk utgjere dei viktigaste areala av dyrka mark i området. Her er gjæsene ikkje velkomne, og fuglane kan jaktast og jagast. Førebyggjande tiltak skal gjere areala mindre eigna og attraktive som gåseområde.

Vanleg manuell skremming av gjæser er det lettaste og mest naturlege av skremmetiltaka. Det har god effekt, men ofte forholdsvis kortvarig, og er som regel ganske arbeidskrevjande. Forsøk har vist at gjentatt skremming er effektivt. Det finst døme på gode resultat ved organisert skremming der medlemmer av lokal jeger- og fiskerforening jaga fugl mot at dei fekk dekka utgifter for køyring. Det finst pr. i dag ikkje ordningar for å gje kompensasjon for skremming. Grunneigarane kan imidlertid prøve å få avtaler med den lokale jeger- og fiskeforeninga om bytte av jakt på gås mot skremming av gås. Vanleg manuell skremming er i dag den mest nytta metoden for å førebyggje gåseskader på innmark i Tysnes.

Skremming ved bruk av hund kan være effektivt, då gjæser har naturleg frykt for hundar. To metodar er mest aktuelle: a) bruk av gjetarhund som vil springe rundt tett inntil gjæsene, og b) hund i laupestreng langs kanten av marka. Dersom laupestrengtraseen til dømes går gjennom skogkanten og så ut langs marka, kan hunden betre overraske fuglane. Dette kan gjere gjæsene enda meir usikre, sjølv om dei ikkje kan sjå hunden. Det er truleg nok å ha hunden ute i skremmeområdet i korte periodar for å oppnå ønskt effekt. På eng der gjæsene tek med seg ungar på beite, skal det ikkje brukast hund som kan jage dei.

Bruk av fugleskremsel med bevegelege armar og bein skal ha hatt god effekt, mens effektane av gassballongar og dragar har vore meir usikre. Bruk av signalpenn vil gje ein god visuell effekt, særleg når personen i tillegg er synleg. Fleire grunneigarar/bukarar nyttar fugleskremsel på Tysnes i dag.

GJERDER

Oppsetting av gjerde kan vere eit effektivt tiltak for å hindre at gjæser får fysisk tilgang til dyrka mark. Dermed kan skadeomfanget bli redusert. Dette er særleg aktuelt der grågåsa tek seg til dyrka mark frå sjø eller vatn. I den perioden av hekketida då ungane ikkje er flygedyktige, vil bruk av gjerde mellom sjø/vatn og dyrka mark kunne ha ein god effekt. Likevel må ein, når gjæsene kjem til hekkeplassane, og seinare når ungane er flygedyktige, forvente å sjå gås på innmark ved bruk av dette tiltaket åleine. Likeeins vil ikkje-hekkande voksenfugl, som ofte opptrer talrikt saman med ungekull, kunne passere gjerder. Det er mogleg å sökje om SMIL-midlar for å få dekka utgifter til gjerding. Gjerder må stå nokre meter inn på dyrka mark, slik at gåsa har beitegrunnlag utanfor gjerdet. Elles går ho berre rundt. Det kommunale viltfondet kan brukast til slik gjerding.

JAKT

I område som er hardt pressa av beiting og tilskiting, kan jakt vere eit viktig tiltak for å avgrense skadeomfanget på dyrka mark – og for å regulere gåsebestanden. Jakt kan også vere ein inntektskjelde som kan vere med å utjamne eit eventuelt økonomisk tap forårsaka av gås. Ein moderat lokal reduksjon av gåsestamma i lokalt særleg pressa område gjennom ordinær jakt, er ønskjeleg framfor tidleg jakt, eller tildeling av skadeløye.

Den ordinære jakttidsramma for grågås er framleis frå 10. august til 23. desember. Grågåsa startar imidlertid hausttrekket nokså tidleg, og har med få unnatak forlate Tysnes før den ordinære jakta har starta. Det har difor blitt felt lite stadbunden gås i kommunen. Dette gjer at ein ikkje maktar å regulere den lokale gåsebestanden i særleg grad, noko som har ført til at beiteskader på grasenger har fått eit større omfang enn det som er ønskjeleg. Fylkesmannen har fått mynde til å opne for jakt på grågås inntil 15 dagar før ordinær jaktstart når det ligg føre ein lokal forvaltingsplan. I denne perioden kan fylkesmannen fastsetje når det kan jaktast innanfor eit tidsrom frå kl. 24.00 til 10.00 ut i frå lokale tilhøve, som til dømes soloppgang. Denne jakta er avgrensa til aktive skremmeområde. Føremålet med tidleg jakt på grågås skal vere å avgrense skadeomfang på dyrka mark, å regulere bestanden ved å

auke jakttrykket ved at jakta kan finne stad over ein lengre tids-periode før gjæsene trekkjer sørover, samt å felle fleire ikkje-hekkande gjæser.

Når gåsebestanden kjem over det nivå som er definert som akseptabelt, bør grunneigarar leggje til rette for ordinær jakt på gås i skremmeområde. Dette kan gjerne gjerast i form av samarbeid mellom berørte grunneigarar og/eller ved å tilby lokal jeger- og fiskerforening gåsejakt. På ulike jaktforum på nettet er det etterspurnad etter område i Bergensregionen til å drive gåsejakt på. Normalt vil gåsa starte trekket kort tid etter at jakta har starta.

Gåsa kan vere svært sky og ofte vanskeleg å jakte. For å få til eit ønskja uttak, bør/må det samarbeidast om felles starttidspunkt for jakta. Ein bør også ha is nok i magen til å kunne utsetje jakta dersom veret ikkje er optimalt for gåsejakt. Ruskevér er å føretrekkje, då gåsa ofte flyg lågare enn ved klårvér.. Det kan eventuelt bli arrangert eige kurs i gåsejakt. Uttaket av gjæser i skremmeområda må vere innanfor målsetjingane for bestandsnivå i området og kommunen.

EGGSANKING

Det kan hende at uttak av gås i form av ordinær jakt ikkje er nok for å halde gåsebestanden innanfor det talet som er akseptabelt med tanke på skade på eng. Kontrollert eggsanking kan då vere eit aktuelt tiltak. Grunneigarar kan sanke egg frå grågåsreir fram til og med 15. april, og egg frå kanadagås og stripegås fram til og med 1. juli. I område som inngår i ein lokal forvaltingsplan for grågås, kan fylkesmannen gje løyve til sinking av egg frå grågås utover 15. april. Tale på sanka egg, frå ulike par, bør registrerast som ein del av overvakkinga og den lokale gåseforvaltinga. Gjentekne søk i aktuelle reir-område, og bruk av hund, bør ikkje gjennomførast, då ein i realiteten jagar bort fuglane. Dersom eggsanking ønskast gjennomført som bestandsregulerande tiltak, bør det lagast ein eigen strategiplan for det.

SKADEFELLING

Det er ei hovudmålsetjing at utfordringane skal kunne taklast gjennom gode førebyggjande tiltak som gjer skadefelling utanom ordinær jakttid unødvendig. Skadefelling er eit verkemiddel som berre kan bli aktuelt dersom ingen andre utprøvde tiltak verkar. Det er kommunen som har myndighet til å gje slike fellingsløyve, men løyvet kan klagast til fylkesmannen. Eit vilkår for å kunne tildele skadeløyve, må vere at skaden er av vesentleg økonomisk betydning for den skadelidande. Dette er noko kommunen sjølv må take stilling til ved skjønn i kvar enkelt sak. Dersom der er uvisst om skaden kan definerast som vesentleg, kan kommunen til dømes leie inn Forsøksringen til å gjennomføre ein taksering av skadane. Utgifter ved taksering kan finansierast gjennom det kommunale viltfondet som ein lekk i kartlegging og overvakning av gåseskader i kommunen. Det er eit ufråvikeleg prinsipp at skadefellingsforskrifta ikkje blir praktisert slik at den medfører ei utholing av fredingsprinsippet i viltlova (§ 3). I dette legg ein at aktuell viltart er freda utanom jakttidsramma, og tildeling av skadefellingsløyve ikkje skal fungere som ein lokal ”jakttid”.

OVERVAKING AV BESTANDEN


Ein viktig føresetnad for ein god forvaltning av gåsebestanden i Tysnes er å ha tilgong på mest mogleg oppdatert kunnskap om utbreiing og bestandsstorleik. Størst vekt bør leggjast på hekkefugl-kartlegging. Det bør med fordel utførast reirkartlegging, då dette gir høve til at eggsanking kan nyttast som bestandsregulerande tiltak. I Fusa kommune er det lokal Jeger & Fisk Foreining som overvakar og kartlegger bestanden i felt.



Figur 5. Liten grågåsunge. Foto: Ole Kristian Spikkeland.



Figur 6. Innmarka ved Hovland søraust på Tysnes er sterkt råka av beiteskadar forårsaka av gjess. Dette gjeld også dei øvrige gardane langs strandlina Nymark-Tveit. Foto: Ole Kristian Spikkeland.



Figur 7. Grågås saman med andre våtmarksfugl på sjøen og i strandsona ved Sagtufta på Hovland.
Foto: Ole Kristian Spikkeland.

LOKALISERING AV FRIOMRÅDE OG SKREMMEOMRÅDE


Val av område

Val av friområde og skremmeområde for gjess må gjerast ut frå fleire omsyn. I Tysnes kommune er omsyn til gardbrukar og til gås dei viktigaste faktorane. I alle utvalte skremmeområde er det rapportert om skade på eng/beite forårsaka av gås. Heile kommunen er valt som eitt felles forvaltningsområde, då all grågjess i Tysnes truleg tilhøyrar same populasjon og nyttar heile kommunen som leveområde gjennom vår- og sommarsesongen. Det må lages grunneigaravtalar som sikrar ein god gjennomføring av tiltaka.

Grågåsa kan i dag påtreffast over store delar av Tysnes, anten som hekkefugl, meir eller mindre fast beitefugl, eller som tilfeldig streiffugl. Dei finst ved sjø, ferskvatn og på dyrka mark. Nokre av jordbrukssteigane som nyttast, kan ligge fleire hundre meter frå ope vassflate. Den samla gåsebestanden aukar frå år til år, men biletet varierar lokalt. Somme stader har til dømes talet på gjess gått attende enkelte år.

Tettleiken av gås er dei seinaste år klart størst i følgjande delområde på Tysnes (**figur 8**):

- Nordaust: Humlevik – Fiskevatnet – Økland – Gripnesvågen – Malkenes
- Søraust: Nymark – Hovland – Tveit
- Nordvest: Uggdal med Kyrkjevatnet – Kinna
- Sørvest: Nordbustadvatnet – Flatråkervatnet



Figur 8. Fire delområde på Tysnes med stor tettleik av gås (merka med raudt). Innafor kvart område skal det etablerast både friområde og skremmeområde for gjess.




Figur 9. Grågåsa er uønskt på dyrka mark i Tysnes. Foto: Ole Kristian Spikkeland.

Det finst ikkje etablerte verneområde for våtmarksfugl på ”fastlandsdelen” av Tysnes, såleis manglar kommunen lokalitetar som naturleg kunne peike seg ut som aktuelle friområde for gjess. Fuglane nyttar heller ikkje andre typar restriksjonsområde. Difor er det vanskeleg å velje ut eigna friområde. Gåsa sokjer erfaringmessig etter dei beste beita. Desse finst på gjødsla innmark med grasproduksjon.


Innafor kvart delområda med store gåseførekomstar (sjå figur 8) er det føremålstenleg å ha eitt eller fleire friområde, der gjessa kan få beite uforstyrra. Skal slike område vere attraktive for fuglane, kan det vere nødvendig å gjødsle beita. Det kan og vere aktuelt å gå inn med andre tiltak som gjer at fuglane sokjer hit.

HUMLEVIK - FISKEVATNET - ØKLAND - GRIPNESVÅGEN - MALKENES

I delområde Humlevik-Fiskevatnet-Økland-Gripnesvågen-Malkenes nordaust på Tysnes er det aktuelt å etablere friområde for gjess mellom brakkvasspollen og kyrkjegarden i Nedre Humlevika og på kvar side av Rv49 ved Gripne, lengst sør i Gripnesvågen. Begge områda blir i dag beita av gås. Lokalisering av friområde og skremmeområde framgår av figur 10-14.



Figur 10. Aktuelle skremmeområde (raudt) og friområde (grønt) for gjess ved Fiskevatnet-Humlevika.




Figur 11. Aktuelt friområde for gjess mellom brakkvasspollen og kyrkjegården i Nedre Humlevika er merkt med grønt.



Figur 12. I Nedre Humlevika er området mellom brakkvasspollen og kyrkjegården (bak til høgre) aktuelt som friområde for gjess. Foto: Ole Kristian Spikkeland.




Figur 13. Kring Fiskevatnet på Lunde beiter grågåsa i lag med husdyr på dyrka mark. Desse areala er definert som skremmeområde for gjess. Foto: Ole Kristian Spikkeland.




Figur 14. Aktuelle skremmeområde (raudt) og friområde (grønt) for gjess ved Økland-Gripnesvågen-Malkenes.

NYMARK - HOVLAND - TVEIT

I delområde Nymark-Hovland-Tveit sørøst på Tysnes er det aktuelt å etablere friområde for gjess, samt på følgjande øyar utanfor. Dei mellomliggende områda vert skremmeområde (figur 15-16). Det er gjort avtale mellom kommunen og grunneigarar ang skremme og friområde.




Figur 15. 1 delområde Nymark-Hovland-Tveit sørøst på Tysnes er det aktuelt å etablere friområde (grønt) for gjess. Skremmeområde (raudt). Einaste område med grunneigaravtale.



Figur 16. Øyane utanfor Hovland og Tveit er aktuelle friområde for gjess i delområde Nymarked-Hovland-Tveit sørøst på Tysnes. Foto: Ole Kristian Spikkeland.

KYRKJEVATNET - KINNA

I delområde Uggdal med innsjøane Kyrkjevatnet og Kinna nordvest på Tysnes finst ingen attraktive beiteområde som umiddelbart peiker seg ut som aktuelle friområde for gjess. Friområdet var foreslått av Rådgivande Biologar her, men etter samtale med grunneigarar kan vi ikkje anbefale dette (figur 17-19).



Figur 17. Avgrensning av skremmeområde (raudt) for gjess nord for Kyrkjevatnet i Ugddal.




Figur 18. Innmarka kring nordlege del av Kyrkjevatnet i Uggdal vert regelmessig beita av gjess og er avsett som skremmeområde. Foto: Ole Kristian Spikkeland.




Figur 19. I Kyrkjevatnet i Uggdal finst flokkar på opptil 40-50 grågjess. Foto: Ole Kr. Spikkeland.

NORDBUSTADVATNET - FLATRÅKERVATNET

Kring Nordbustadvatnet-Flatråkervatnet sørvest på Tysnes er det mykje beiteskadar på innmark som er forårsaka av grågås. I dette delområdet har det ikkje vore mogeleg å peike ut attraktive beiteareal som kan vere aktuelle friområde for gjess (**figur 20-22**). Det vurderes å legge inn Flatråkervatnet som friområdet, sjølv om det ikkje er landbruksareal her, er det gode beite høve for gjess.



Figur 20. Sørvest på Tysnes skal det etablerast skremmeområde for gjess på innmarka langs Nordbustadvatnet. Flatråkervatnet vurderas som mulig friområde.



Figur 21. Det finst mange ungekull av grågås i Nordbustadvatnet. Foto: Ole Kristian Spikkeland.



Figur 22. Innmarka ved Koste lengst sør i Nordbustadvatnet er sterkt råka av beiteskadar forårsaka av gjess. Det har ikke vore mogeleg å peike ut aktuelle friområde for gjess innanfor dette delområdet.
Foto: Ole Kristian Spikkeland.

GENEREKT FOR ALLE DELOMRÅDA

Innanfor kvart delområde på Tysnes må areal som er avsett til høvesvis skremmeområde og friområde for gås avgrensast nøyaktig på kart. Det må vidare lagast skriftleg avtale med kvar grunneigar/leietakar som er råka. I avtalen må alle vilkår for arealbruken bli gjort konkret greie for. Dette er viktig både for å gjere planen langsiktig og føreseileg og for å kunne utløyse ulike kompenserande tilskot til grunneigar/leietakar. I dag har vi berre eitt godkjent område, nemleg Nymark-Hovland-Tveit søraust på Tysnes.

ANDRE FØRESLÅTTE TILTAK

I tillegg til å etablere skremmeområde og friområde for gjess, vert følgjande tiltak føreslått for å redusere omfanget av gåseskadar på Tysnes.

Jakt

Det bør setjast i verk intensiv gåsejakt for å redusere problemet på sikt. Jakta bør primært gå føre seg innanfor ordinær jakttid (Dette er ei utfordring då det er lite fugl igjen på Tysnes etter 10. august) – og ikkje i form av tidleg jakt eller tildeling av skadeløyve. For å sikre effektiv jakt, og minst mogeleg bortskremming av fuglen, bør jakta samordnast.




Figur 23. Grågåsa vert svært sky straks jakta tek til i august og vil truleg trekke bort frå Tysnes etter kort tid. Foto: Ole Kristian Spikkeland.

Fjerning av egg frå reir

Fjerning av egg frå reir, alternativt stikke hol på eggja, vil truleg vere den mest effektive måten å redusere avlingsskadane på. Grunneigar kan sanke egg fram til 15. april, medan fylkesmannen kan gje løyve til sinking av egg utover denne dato (Bør skje i organiserte former, slik at gåsa ikkje vert meir stressa enn naudsynt).

Oppsetting av gjerder


Innanfor definerte skremmeområde som grensar mot sjø eller ferskvatn, bør det mot innmark setjast opp gjerder som hindrar ungekull og ikkje-flygande vaksenfugl å vandre inn på innmarka. Gjerder må stå nokre meter inn på dyrka mark, slik at gåsa har beitegrunnlag utanfor gjerdet.



Figur 24. Humlevik er ein aktuell stad for plassering av gjerdestengsel mot strandsona. Foto: Ole Kristian Spikkeland.

Totaloppteljing

Seinast 2019 bør det gjennomførast årlege totaloppteljingar av gåsestamma i Tysnes, basert på teljing av reir og egg.



Figur 25. Grågåsstammen på Tysnes har vore i sterk vekst dei siste åra. Foto: Ole Kr. Spikkeland.

KJELDER

Skriftlege kjelder

- Kvavik, G.N. 2005. Sluttrapport for prosjektet Forvaltning av gjess i Norge – konfliktdempende tiltak. Fylkesmannen i Nordland, landbruksavdelingen. Rapport 4/2005. 31 s. + vedlegg.
- Nersveen, L.I. 2009. Forvaltningsplan for gås Masfjorden 2009-2012. Bestandsregistrering, målsetjingar og aktuelle tiltak. Masfjorden landbrukskontor. Rapport 19 s.
- Oddane, B. 2011. Kommunal forvaltningsplan for gjess – Øygarden kommune. Ecofact rapport 79.
- Steinsvåg, M.J. 2008. Forvaltningsplan for gjess i Hordaland: Utfordringar, målsetjingar og tilrådingar. Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavdelinga. MVA-rapport 3/2008. 44 s. + vedlegg.
- Tysnes kommune 2004. Kommuneplanens arealdel 2003-2015.

Databasar og nettbaserte karttenester

- Direktoratet for naturforvaltning 2012. Naturbase: www.naturbase.no
- Norge i bilder 2012: <http://norgeibilder.no/>
- Norges geologiske undersøkelse (NGU) 2012. Karttjenester på <http://www.ngu.no/>

Munnlege kjelder

- Asbjørn Myklestad, grunneigar Uggdal
- Einar Wathne, grunneigar Malkenes
- Endre Epland, leietakar Nordbustadvatnet
- Karl Lunde, grunneigar Lundegrend
- Kristen Vines, grunneigar Uggdal
- Lars Torbjørn Bondhus, grunneigar Uggdal
- Leif Magne Hovland, grunneigar Hovland og Tveit
- Olav Kaastad, grunneigar Nordbustadvatnet
- Per Ingolf Økland, grunneigar Lundegrend
- Selmer Nordbustad, grunneigar Nordbustadvatnet
- Sæbjørn Humlevik, jordbruksjef Tysnes kommune
- Tor Atle Humlevik, grunneigar Humlevik

